



Ragnhild R Flatekval  
Fosse 49 A  
5919 Frekhaug

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ida Loftesnes Kvåle, 5764 3155

## Alver kommune - gbnr. 325/161, 167 m.fl. - klage på reguleringsplan for Fossesjøen

Vi viser til oversending av klagesak frå Alver kommune datert 01.11.2022, som gjeld klage på vedtak frå kommunestyret datert 19.05.2022, sak 20/160, saksnr. 067/22, om godkjenning av detaljreguleringsplan for Fossesjøen gbnr. 325/161, 167 m.fl.<sup>1</sup> Saka har dessverre blitt gamal hjå oss, og Statsforvaltaren beklagar dette.

### Vedtak

**Statsforvaltaren stadfestar vedtaket frå Alver kommunestyre datert 19.05.2022, sak 20/160, saksnr. 067/22, der detaljreguleringsplanen for Fossesjøen gbnr. 325/161, 167 m.fl. vart godkjent.**

### Bakgrunn for saka

Føremålet med detaljreguleringsplanen for Fossesjø er å legge til rette for framtidig etablering av bustadfelt, dvs. 164 nye bueiningar av ulik karakter.<sup>2</sup> Planområdet er på om lag 141 daa. Forslagsstillar er Ard Arealplan AS på oppdrag frå Vest-Land-Eigedom AS.

Kommunestyret vedtok å legge planforslaget ut til offentleg ettersyn den 15.05.2019, sak 24/2019. Planforslaget hadde avvik frå føresegnar i kommuneplanen, som gjaldt rekkjefølgjekrav om utbetring av infrastruktur. Kommunestyret la til grunn at noverande gang- og sykkelveg frå Frekhaug senter over Bustølen til Sagstad skule vart nytta inntil ny gang- og sykkelveg frå Frekhaug senter til Sagstad skule var ferdigstilt.

Planforslaget var til offentleg ettersyn i perioden 28.05.2019 til 19.07.2019. Det kom inn fem merknader frå privatpersonar og ni uttalar frå offentlege høyringsinstansar. Statens vegvesen (SVV) og Statsforvaltaren i Vestland (SFVL) gav motsegn til planen.<sup>3</sup> Det vart tatt inn nye rekkjefølgjekrav for

<sup>1</sup> Detaljreguleringsplan for Fossesjøen gbnr. 325/161, 167 m.fl. planID. 1256 2015 0004, [Planregister \(nordhordlandskart.no\)](https://planregister.nordhordlandskart.no)

<sup>2</sup> Utvikle område B\_17 i kommunedelplan for Meland 2015-2026.

<sup>3</sup> SVV varsla motsegn den 22.07.2019, ang. trafikktryggleik. SFVL gav motsegn den 18.09.2019, ang. støy, universell utforming og naust/ivaretaking av strandsona. Det vart halde dialogmøte den 30.08.2019. Vår ref. 2019/11865 (planseksjon)



å sikre trafikktryggleiken, naustformål vart tatt ut av planen og føresegna til støy og universell utforming vart retta opp. SVV og SFVL trakk motsegnene sine 18. og 19.03.2021.

Alver kommunestyre har den 19.05.2022, sak 20/160, saksnr. 067/22, handsama og godkjent detaljreguleringsplan for Fossesjøen gbnr. 325/161, 167 m.fl. Kommunestyret har også lagt til ei setning om at dei *vil sjå på moglege trafikksikringstiltak langs den kommunale vegen over Fosse i samband med rulleringa av handlingsplan for trafikksikring.*

Reguleringsplanen er klaga på av Arvid Vatnøy,<sup>4</sup> Forum for natur og friluftsliv (FNF) Hordaland v/Gunvar Mikkelsen<sup>5</sup> og 27 grunneigarar innanfor planområdet.<sup>6</sup> Innhaldet i klagane er knytt til trygg skuleveg, veglys og manglande vurdering av prinsippa i naturmangfaldslova/manglande kunnskapsgrunnlag om naturmangfaldet.

Klagene vart handsama av Alver kommunestyre den 20.10.2022, sak KO-123/22. Det vart lagt til følgjande tilleggs punkt i kommunestyret sitt vedtak:

*Alver kommune skal snarast saman med utbyggjar utarbeide ein plan for fartsreducerande tiltak og veglys langs Fossevegen.*

Utanom tillegget vart klagane ikkje tatt til følgje og saka vart sendt til Statsforvaltaren i vestland for endeleg avgjerd.

### **Regelverk**

Statsforvaltaren er delegert mynde til å avgjere klager som gjeld enkeltvedtak etter plan- og bygningslova, sjå plan- og bygningslova § 1-9 femte ledd og rundskriv T-2/09 frå Kommunal- og distriktsdepartementet.

Prøvinga vår som klageinstans for reguleringsvedtak er gitt nokon avgrensingar. Statsforvaltaren kan på vanleg måte prøve alle sider ved saka, også det kommunale skjønnnet. Ved prøving av det kommunale skjønnnet skal Statsforvaltaren leggje stor vekt på omsynet til det lokale sjølvstyret. Det er likevel fastsett at dersom Statsforvaltaren kjem til at reguleringsplanen bør endrast, er føresetnaden at kommunen seier seg einig i endringane.<sup>7</sup> Dette har samanheng med motsegnretten som statlege og regionale organ har mot kommunale planvedtak.

Statsforvaltaren si primære oppgåve som klageinstans er å kontrollere at den kommunale sakshandsaminga er i samsvar med regelverket, og at dei omsyn som er lagt vekt på i vurderingane og som ligg til grunn for utfallet, er saklege.

Etter plan- og bygningslova § 3-3 er det kommunestyret som er planstyresmakt og som har ansvaret for arbeidet med reguleringsplanar. Det er kommunestyret som etter ei omfattande vurdering av dei ulike omsyna i planområdet, avgjer kva areal som skal inngå i planen, og kva desse areala skal nyttast til, jf. plan- og bygningslova § 12-12.

Reguleringsplanar vert til gjennom ein omfattande avgjerdsprosess. Plan- og bygningslova §§ 12-8 til 12-10, jf. kap. 4, har nærare føresegner om korleis framlegg til reguleringsplanar skal handsamast.

---

<sup>4</sup> Sjå e-post datert 05.06.2022.

<sup>5</sup> Sjå klage datert 24.06.2022.

<sup>6</sup> Sjå klage motteke i Alver kommune den 27.06.2022.

<sup>7</sup> Delegeringsrundskriv T-8/86, jf. også brev 16.01.2004 frå det dåverande Miljøverndepartementet.



Sakshandsamingsreglane skal sikre demokratiske omsyn som medverknad, offentlegheit og samråd med dei planen får følgjer for. I planleggingsprosessen må ulike interesser, fordelar og ulemper vegast mot kvarandre. Dette vil regelmessig føre til at planane får negative konsekvensar for enkelte.

Forvaltningslova gjeld elles ved handsaming av saker etter plan- og bygningslova der det ikkje er bestemt noko anna, jf. plan- og bygningslova § 1-9.


### Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren finn at saka er tilstrekkeleg opplyst til å gjere vedtak, jf. forvaltningslova § 33. Vidare følgjer vi Alver kommune si vurdering om at klagarane er enten partar eller har rettsleg klageinteresse, sjå kommunestyret si handsaming av klagane datert 20.10.2022, sak 123/22 s. 10, jf. forvaltningslova § 28. Det er klaga til rett tid, jf. forvaltningslova § 29.

Tematikken i klagane kan oppsummerast i to underkategoriar: omsynet til trafikksikker skuleveg og omsynet til naturmangfald. Vi vil i det følgjande vurdere kvart av desse punkta, som vi meiner er dekkande for dei tre klagane.


#### - Omsynet til ein trafikksikkert skuleveg

Både Arvid Vatnøy og grunneigarane/naboane til planområdet har i klagane sine peika på omsynet til ein trafikksikker skuleveg (og til og frå idrettsanlegget Meland Aktiv). Dei krev at det vert opparbeidd trygg gang- og sykkelveg frå Fossekrysset – Fosseskarvegen og til Sagstad skule, som er den raskaste vegen (sjå vedlagt bilete).



Vegen er i dag ikkje trygg nok, vegen er smal og belastninga på vegen er stor. Det er foreslått at det må takast inn eit rekkefølgjekrav som set vilkår om at gang- og sykkelveg/fortau må vera opparbeidd og godkjent på den kommunale vegen Fosse og Fosseskarvegen før nye bustader kan få igangsetjingsløyve. Dei viser i tillegg generelt til omsynet til born og unge og trafikksikkerheit.

Kommunen har i si vurdering og i planen lagt opp til at skulevegen skal vere ein anna plass, sjå vedlagt utklipp (raud markering).



Figur 30. Oversikt over planer for veger i området.





Innhaldet i klagane er kommentert av kommunen i merknadsskjema datert 09.08.2022. Kommunen har vist til at omsynet til trygg skuleveg har vore eit gjennomgåande tema gjennom heile planprosessen, og spesielt i samband med at SVV hadde motsegn til planen i 2019. Det er vist til planskildringa s. 25 og rekkefølgekrav § 2.11 pkt. 9. Vidare skriv kommunen i klagesakshandsaminga at:

*«Etter ein konkret heilskapleg vurdering, så er barn og unge sitt behov for gang- og sykkelsti samt natur og miljø sine interesser ivaretatt med vedteken reguleringsplan. Planen må gis forrang og vert ikkje endra. Gang/sykkelveg er ivaretatt i vedteken plan. Før igangsetjingsløyve (IG) for nye bustadar i planområdet vert gjeve, skal Fossekrysset med tilhøyrande gangvegar vere opparbeidd slik det er regulert i plan for Fv. 245 Fosse – Moldekleiv, planid 20160015. Det skal vere etablert gang- og sykkelveg langs Sagstadvegen fram til Sagstad skule. Jf. planføresegnene til detaljreguleringsplan for Fossesjøen § 2.11.9.»<sup>8</sup>*

Det følgjer av reguleringsplanføresegna § 2.11 pkt. 9 at:

*«Før det kan gjevast igangsetjingsløyve for nye bustadar innanfor BFS01-BFS03, BKS01-BKS10 og BBB01-BBB03 skal Fossekrysset med til høyrande gangvegar vere opparbeidd slik det er regulert i plan for Fv.245 Fosse-Moldekleiv, planid 20160012, samt at det skal vere etablert gang- og sykkelveg langs Sagstadvegen fram til Sagstad skule»*

Det følgjer av planskildringa pkt. 6.10 *Veg og trafikktilhøve*, s. 25 at:

*«Frå planområdet til skule- og idrettsområda på Sagstad og på Grasdalen er det ikkje eit heilskaplege tilbod til mjuke trafikkantar i dag. Når reguleringsplanar i nærområdet vert realiserte vil det verte etablert kopling for mjuke trafikkantar både mot sør til Sagstad skule og mot nord til Grasdalen skule.*

- *Detaljreguleringsplan for fv.245 Fosse-Moldekleiv vil legge til rette for eige tilbod til gåande og syklende. Planområdet strekk seg nord for Grasdalen skule ved krysset Ådlandsvegen-Håtuftvegen, og i sør tar det med seg krysset Ådlandsvegen- Rosslandsvegen.*
- *Områdereguleringsplan for Langelandskogen og delar av Frekhaug nord vil sikra gangforbindelse frå Fossesjøen til Frekhaug og Sagstad.*
- *Detaljreguleringsplan for fv. 564 Frekhaugkrysset, inkl. utbetring av fv. 244, vil legge til rette for oppgradering av Frekhaugkrysset til rundkøyring, samt etablering av gang- og sykkeltilbod langs fv. 244 på strekninga frå Frekhaug sentrum til og med kryss mot Sagstad skule.»<sup>9</sup>*

Slik vi forstår kommunen har dei klagegrunnane som er presenterte vore vurdert tidlegare i planprosessen, og har vore kjent for kommunen. Trafikktryggleik for born var også omfattande kommentert, vurdert og endra/tilpassa etter SVV sitt motsegn til planen, der dette var eit sentralt tema. Innhaldet i merknadane og motsegna er langt på veg dei same som i klagane.

Vi viser til kommunen sin kommentar og arbeid med motsegna til SVV, og utdjupeinga i klagehandsaminga. Motsegna har ført til endringar av planen for å betre trafikktryggleiken for born i planen, spesielt knytt til ein trygg skuleveg.

Statsforvaltaren meiner at omsynet til born og unge og trafikktryggleiken har vore tilstrekkeleg vurdert. Vi viser spesielt til at SVV i utgangspunktet hadde motsegn til planen, som gjaldt trafikktryggleiken for born på skulevegen. Kommunen endra planen, og tok inn rekkjefølgjekravet i planføresegna § 2.11 nr. 9. Ut frå dette meiner vi at trafikktryggleiken og omsynet til born og unge sin skuleveg er tilstrekkeleg ivaretatt.

- *Omsynet til naturmangfaldet, jf. naturmangfaldslova*

---

<sup>8</sup> NB! Merk at fv. 245 i dag (endra i 2019) heiter fv. 5310 – Rosslandsvegen.

<sup>9</sup> NB! Merk at fv. 244 i dag (endra i 2019) heiter fv. 5308 – Sagstadvegen (inn til Sagstad skule).



I klaga frå FNF Hordaland er det klaga på manglande kunnskapsgrunnlag knytt til naturmangfaldet i planområdet og manglande vurdering av prinsippa i naturmangfaldslova.

Planområdet er relativt stort, og består i dag av barskog og lauvskog av høg og svært høg bonitet, myr og overflatedyrka mark. Det er trass i dette ikkje gjort noko kartlegging av naturverdiane i området. FNF Hordaland hevdar derfor at ein veit lite, eller ingenting, om artar eller naturtypar i planområdet. Vidare er det vist til at føringane om eit oppdatert og forsvarleg kunnskapsgrunnlag i naturmangfaldlova § 8 ikkje er stetta. Dette fører til at det ikkje vert mogeleg å oppfylle krava i naturmangfaldslova §§ 9-12.

Vidare er det hevda i klaga at det ikkje finst spor av vurdering eller bruk av dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova § 7, jf. §§ 8-12, i plandokumenta.<sup>10</sup> Det er på bakgrunn av dette hevda at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova § 17, jf. § 41, og at godkjenninga av planen difor er ugyldig.

Statsforvaltaren har ei plikt til å sjå til at saka er tilstrekkeleg utgreia på vedtakstidspunktet, jf. forvaltningslova § 33 femte ledd, jf. § 17 første ledd. Dette omfattar også at vi skal sjå til at kunnskapsgrunnlaget knytt til naturmangfald er tilstrekkeleg og at naturmangfaldslova §§ 7 til 12 er tilstrekkeleg vurdert. Kravet til kunnskapsgrunnlag er som vanleg forsvarleg saksopplysning, jf. forvaltningslova § 17. Naturmangfaldlova gjer ikkje noko unntak frå dette, men skjerpar til dels kravet gjennom §§ 8-12.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal ikkje berre vere representert i saka si opplysning, men har også betydning for avgjerdsgrunnlaget og for den avveginga som skal gjerast når kommunen kjem til ei avgjerd.<sup>11</sup> Det skal gå fram av vedtaket til kommunen at dei aktuelle prinsippa i naturmangfaldlova er vurdert og kva vekt dei skal ha. Vi har vurdert at desse krava er stetta i Alver kommune sitt vedtak. Vi grunngjev dette slik:

#### Kunnskapsgrunnlaget, jf. naturmangfaldlova § 8

Innhaldet i klaga er kommentert av kommunen i merknadsskjema datert 09.08.2022. Kommunen har vist til at det ikkje er grunnlag for å gjennomføre ytterlegare fagkyndige kartleggingar av naturmangfaldet i området. Vidare viser kommunen til at vurderingane etter prinsippa i naturmangfaldslova er gjort i planskildringa pkt. 9.9, og at dette skal vere tilstrekkeleg.

I planskildringa datert 06.04.2022 pkt. 9.9, s. 48 og 49 er det gjort greie for vurderingane etter naturmangfaldlova §§ 8-12. I planskildringa frå Ard Arealplan AS pkt. 6.7 er det gjort greie for og vurdert naturtilhøve i og rundt planområdet.

Det går fram av dokumenta i saka at området som er regulert, også er i samsvar med gjeldande kommuneplan.<sup>12</sup> Det følgjer av plan- og bygningslova at det skal gjerast ei særskild vurdering (konsekvensutgreiing/KU) av verknaden for miljø og samfunn når det vert utarbeida planar som set rammer for framtidig utbygging.

---

<sup>10</sup> Det er her vist til en presentasjon frå SFOV (2021) og vedtak datert 09.07.2014, Sivilombudet si uttale til KMD i 2016 (<https://www.sivilombudet.no/uttalelser/32600>, sjå også vår sak 2020/3259), tidl. Miljøverndepartementet sin uttale datert 06.10.2011, jf. Planjuss 1/2012 s. 4 og Ot.prp.nr. 52 (2008-2007) s. 378.

<sup>11</sup> Sjå SOM-2018-1219, uttale datert 28.08.2018, med vidare tilvisingar.

<sup>12</sup> Kommuneplan for Meland vedtatt 16.10.2019. [Alver kommune - Kommunedelplanar i Alver](#)



Det følger av planskildringa til kommuneplanen under pkt. 4.4 som skildra dei samla konsekvensane av planframlegget, at:

#### **4.4.4 Naturmangfald**

Det er utarbeida eit temakart over naturtypar basert på Direktoratet for naturforvaltning(DN) sine tilgjengelege registreringar på vilt og biologisk mangfald. I tillegg til å unngå utbygging i område der det er verdifulle naturtypar eller er registrert raudlista artar, er det viktigaste ein kan gjere for naturmangfaldet å la urørte område få vere skjerma mot utbygging også i framtida . Samla sett vurderer vi konsekvensen for naturmangfald å vere låg.

Vi viser også til at det er utarbeida temakart for tidlegare Meland kommune, i samband med rulleringa av kommuneplanen i perioden 2011 – 2012. Vi kan ikkje sjå at det er spesielle tema som merkar seg i området som reguleringsplanen gjeld for. Dette følger også avslutningsvis av pkt. 4.4.4.

Det følger av planskildringa til reguleringsplanen pkt. 7, s. 28, at det er vurdert om det skal utarbeidast KU for reguleringsplanen. Det er konkludert med at reguleringsplanen ikkje er konsekvensutgreiingspliktig, at reguleringsplanen er i samsvar med overordna kommuneplan og at planforslaget ikkje vil gje vesentlege verknader for miljø og samfunn.

I kommunestyret si førstegongs handsaming av reguleringsplanen, datert 15.05.2019, sak 24/2019, går det fram at:

*«Rådmannen kan ikkje sjå at planforslaget vil ha spesielle konsekvensar for naturmangfaldet eller miljøet. I følge planomtalen er det ikkje registrert eller funne spesielle naturverdiar eller artar. Det er fleire registreringar av artar og naturtypar i området rundt planforslaget, men dei ligg i ein slik avstand frå planområdet at utbygginga ikkje vil ha negative konsekvensar for dei.»*

I kommunestyret si andre handsaming av reguleringsplanen, datert 19.05.2022, sak 067/22, går det fram at:

*«Landskapet som vert råka av planen består hovudsakleg av bar- og lauvskog. Eit område består av myr, og eit mindre areal i det sørvestre hjørnet er registrert som overflatedyrka jord. Det er ikkje registrert nokon særskilde eller viktige økosystem og naturtypar innanfor planområdet. Planen vil føre til inngrep i landskapet ved opparbeiding av veg og bustader. Det er ikkje registrert viktige økosystem, naturtypar og artar i området. Viser til kapittel 9.9 i planskildringa.*

*Ut frå ei samla vurdering av naturmangfaldet etter §§ 8-12 i naturmangfaldslova, viser forslagsstillar til at ein ikkje kan sjå at planforslaget vil ha vesentleg verknad for naturmangfaldet i området. Til tross for at det vil bli gjort ein del terrenginngrep, har ein likevel prøvd å ivareta naturmangfaldet ved at det er satt av store areal til naturformål. Kommunedirektøren vurderer at naturverdiar innanfor og i nærleiken av planområde er tilfredsstillande sikra i plan.»*

Etter det vi kan sjå, har Alver kommune lagt vekt på dokumentasjonen som går fram av planskildringa til reguleringsplanen og den tidlegare dokumentasjonen som ligg til grunn for gjeldande kommuneplan.

Desse vurderingane og (avgrensa) undersøkingane har konkludert med at konsekvensane for naturmangfaldet i planområdet er låge. Kommunen har bygd si vurdering på dette, og konkludert med at kunnskapsgrunnlaget knytt til naturmangfald i planområdet er godt nok.

Vi forstår viktigheita av å gjere grundige undersøkingar, for å kartlegge naturmangfaldet i planområdet best mogeleg. Det går likevel tydeleg fram av tidlegare kartlegging, i samband med kommuneplanen, at det ikkje er registreringar av betydning i planområdet. Det er heller ikkje høyringsinstansar eller andre som har peika på dette i planarbeidet. Samstundes er det lagt vekt på



at reguleringsplanen er i tråd med gjeldande kommuneplan, slik at grunnlaget for undersøkingar er dei same.

Vi meiner at kommunen i tilstrekkeleg grad har teke stilling til kunnskapsgrunnlaget i si vurdering av planvedtaket og at kunnskapsgrunnlaget var godt nok.

#### Føre-var-prinsippet, jf. naturmangfaldlova § 9

Føre var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 knyter seg til kunnskapsgrunnlaget, og tilfelle der det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om verknader for naturmiljøet. I plansaka konkluderte kommunen med at kunnskapsgrunnlaget var tilstrekkeleg.

Vi meiner at føre var-prinsippet vart følgt, ut frå konklusjonen som var gjort om kunnskapsgrunnlaget.

#### Samla belastning, kostnader og driftsmetodar/teknikk jf. naturmangfaldlova §§ 10 - 12.

Det følgjer av naturmangfaldlova § 10 at påverknad av eit økosystem skal vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsett for. Vidare følgjer det av naturmangfaldlova § 11 at tiltakshavaren skal bere kostnadene ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet og av naturmangfaldlova § 12 at «For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidlige, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.»

Slik vi ser det, var det den samla informasjonen om dei samla verknadene som låg til grunn for kommunen si vurdering i saka. Kommunen har ikkje presisert dette særskilt, men det er gjort greie for vurderinga etter naturmangfaldlova § 10 i planskildringa. Etter vår vurdering ligg dette uansett som ein føresetnad i kommunen si handsaming.

Kommunen viser også tydeleg til prinsippa i naturmangfaldlova i si vurdering av planen, jf. planskildringa pkt. 9.9, s. 48 og 49. Vi kan likevel i utgangspunktet ikkje sjå at kommunen tydeleg og konkret viser kva vekt desse har hatt, samstundes går det etter vårt syn fram av saka og av samanhengane at prinsippa er både nytta og vektlagde. Det er konkludert med at det ikkje er viktige omsyn som må takast for dette området. Ut frå dette meiner vi at omsynet til naturmangfald er tilstrekkeleg ivaretatt. Det ligg på bakgrunn av dette ikkje føre ein sakshandsamingsfeil i saka.

Vidare skriv kommunen at inngrep som skal gjerast skal gjennomførast på ein så skånsam måte som mogeleg, for å gjere minst mogeleg inngrep.

#### Oppsummering

Etter vårt syn og på bakgrunn av vurderingane over er planen handsama i samsvar med den kompetansen kommunen har som planmynde, og tilstrekkeleg grunnngjeven med saklege reguleringsomsyn.

Statsforvaltaren finn at saka er handsama i samsvar med dei krav som plan- og bygningslova set, jf. kap. 12. Vidare viser vi til at dei faglege vurderingane som er gjort er tilstrekkeleg grunnngjevne. Vi sluttar oss difor til dei vurderingane som Alver kommune har gjort i saka.

Klagen har ikkje ført fram og vedtaket vert stadfesta. Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.





Avslutningsvis viser vi til at mottakarlista av dette vedtaket ikkje er utfyllande. Dette fordi vi har hatt vanskeleg med å tolke alle underskrifter på klaga frå grunneigarane og naboane. Vi ber difor om at kommunen og klagarane orienterer dei som ikkje står som mottakar av dette brevet.

Med helsing

Arnt Erik Nordheim  
seniorrådgjevar

Ida Loftesnes Kvåle  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

**Kopi til:**

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
VEST-LAND-EIENDOM AS	Nøstegaten 56	5011	BERGEN
ARD AREALPLAN AS	c/o Spaces Media City Lars Hilles gate 30	5008	BERGEN

**Mottakerliste:**

Arvid Vatnøy	Kvassnesvegen 55	5914	ISDALSTØ
Siren Marøy	Fosseskarvegen 73	5919	FREKHAUG
Tommy Andre Olsen	Fosse 45	5919	FREKHAUG
Aleksander Brocks Bredesen	Fosse 51 A	5919	FREKHAUG
Leiv Jan Fosse	Fosse 146	5919	FREKHAUG
Solveig Elise Camilla Fosse Skeie	Fosse 172	5919	FREKHAUG
Silje Tjore	Fosse 51 C	5919	FREKHAUG
Tore Klepsvik	Fosse 205	5919	FREKHAUG
Linn Veronica Bredesen	Fosse 51 A	5919	FREKHAUG
Bright Roar Skeie	Fosse 172	5919	Frekhaug
Kjartan Aarhus	Fosse 195	5919	FREKHAUG
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND	Tverrgaten 4	5017	BERGEN
Lene Gjerde	Fosse 88	5919	FREKHAUG
Linda Valestrand Aasheim	Fosse 195	5919	FREKHAUG
Wenche Sæterbø Olsen	Fosse 45	5919	FREKHAUG
Ragnhild R Flatekval	Fosse 49 A	5919	Frekhaug
Eirik Stranden	Fosse 67	5919	FREKHAUG